

30.11.2010

Framleis lekkasjar - tips vassverket!



Hans Reidar Kjærland ved vasssinntaket i fjor vinter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølv om dei fann den store vasslekkasjen på Korsnes er det framleis lekkasjar på nettet og folk bør vera flinke til å tipsa vassverket slik dei allereie har vore. Leitinga etter lekkasjar må halda fram.

Det er vassverkleiar Hans Reidar Kjærland som kjem med denne henstillinga etter målingar som vart gjennomført om nettene i helga. Då er den klart største forbrukaren Hjønnevåg ikkje i drift.

Målingane hadde som konklusjon at forbruket frramleis låg på 5,5 liter pr. sekund og så stort forbruk skal det normalt ikkje vera i helgane. Då bør det vera maksimalt 3-4 liter.

Kjærland tenkar fram mot ein eventuell lang og kald vinter og siår fast at det bør i alle fall bør vera 7 liter pr. sekund til disposisjon hvis det ikkje skal bli problem med forsyninga frå Eikelva..

- Når det no er så kaldt er det relativt enkelt å oppdaga lekkasjar, for då frys vatnet der det eventuelt piplar opp, seier vassverkleiaren Han veit at det i alle fall er ein lekkasje mellom grana og Kleivadalen Men kvar er den? I tillegg er det sikkert fleire mindre lekkasjar.

Når det er så kaldt som no bør forbrukarane vera flinke til å sørga for isolasjon så røyra ikkje frys. Men dei bør ikkje la vatnet stå og renna.

Av Ola Matti Mathisen